## Årsmøte i Lindås Mållag

**LINDÅS:** I kveld vert målvener inviterte til årsmøte i Lindås Mållag på Lindås Ungdomsskule. På programmet står vanlege årsmøtesaker og kulturinnslag, og sjølvsagt noko å bita i med god drøs attåt. Elles vert det oppsummering etter Låstad Lygre-arrangementet, og orientering om aktuelle saker som t.d. barnehageaksjonen som laget nyss fekk støtte til.

# Lagar film om krigsveteran

**RADØY: Krigsveteran John Pettersen sine minne frå tida han var med i den 99.bataljon skal bli filmdokumentar.**

ARTHUR KLEIVELAND



**GJER OPPTAK I DAG:** Krigsveteran John Pettersen sine minne frå tida i 99.bataljon skal videodokumenterast. Det skjer på Utvandringssenteret i dag. Her er Pettersen i prat med Karstein Stene under Utvandringsfestivalen i fjor.

Den vesle lærarbustaden i emigrant-landsbyen på Sletta blir i dag gjort om til filmstudio når Utvandringssenteret skal dokumentera krigsveteranen frå Radøy sitt liv i 99. bataljon.

- Vi er svært glad for at John Pettersen stiller opp og vil dela minne med oss. Han er ein av nokre få attlevande i Norge frå denne bataljonen og ei viktig primærkjelde, seier Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter.

### Utstilling om 99.bataljon

Vestnorsk utvandringssenter har ei særskilt utstilling om den 99. bataljon - ein amerikansk bataljon med norsk kommandospråk som opererte fleire stader i Europa under 2. verdskrig.

Utstillinga inneheld bilete og gjenstandar knytta til dei som var med. I tillegg har Utvandringssenteret eit eige minnesmerke over 99. bataljon framfor Emigrantkyrkja på Sletta.

### Meir for publikum

Og publikum har meir i vente. Utvandringssenteret ønskjer å prioritera ei vidareutvikling av denne utstillinga i løpet av 2012.

- Difor går vi i gang med det digitale dokumentasjonsarbeidet no. Ved å gjera nokre grep skal vi løfta formidlingsnivået i utstillinga slik at den blir betre tilrettelagt for publikum, seier Ida Dyrkorn Heierland.

### Fleire videosnuttar

Avdelingsleiaren ved Utvandringssenteret legg blant anna opp til å produsera korte videosnuttar som skal visast på integrerte skjermar i utstillinga.

- I tillegg ser vi for oss å produsera ein minidokumentar på 10-15 minutt, fortel Heierland.

Utvandringssenteret har inngått eit samarbeid med videoselskapet iMedia a.s som står for videoopptak og produksjon.



**Elise Chun Hvidsten Skråmestø**
Gratulerer så masse med 8 års dagen din i dag. Du er ei kjempeflink og grei jente som me er veldig glad i. Kos deg med besøket ditt.
*Masse klemmer fra Sander Wei, Mamma og Pappa.*



**Lukas Floen.** Hipp hurra for gogutten som blei 1 år 26. mars, og er glad i mat. Hilser og til pappaen hans som fyller år. *Hilsen onkel Kent-Roger, Bikky, Line m/fam og bestemor og bestefar.*



**Chrisander Eikanger**
Min snille, skjønne og morsome lillebror fylte 6år 28.mars! Tiden har gått superfort! Skolegutt til høsten!
Gla i deg! *Klem Erlend Tobias*



Hipp hurra for jenta vår **Malin Vetås Nesbø** som fyller 10 år 31 mars. Håper du får en fin dag. Vi er kjempe glad i deg! *Mange klemmer fra Mamma, pappa, Ida og Maia + besto nere.*



**Knut-Tore Vangen**
Me vil gratulere den snille pappaen vår med dagen onsdag 30 mars! Me er kjempeglad i deg, papsn :) *Gode klemma frå Vilde og Dorthe!*



**Robin Myking Hella.** Vi vil gratulere deg med overstått 9 års dag som var den 26. mars. Veldig glad i deg.
*Mange klemmer fra mamma og pappa, Nathalie og Isabel*



**Lukas Sulen Floen og Steinar Floen.** Me vil gratulera verdens beste lillebror, Lukas Sulen Floen med 1 års dagen og den snille pappaen vår **Steinar Floen** med 26 års dag, som var den 26 mars. Me er kjempeglad i deke.
*Klemmer fra Adrian og Karita. PS. Lukas og Natalie hilser også!*



**Lukas Sulen Floen.** Hipp hurra for verdens best gutt, som fylte 1 år 26. mars. Me er kjempegla i deg Lukas. *Mange bursdagsklemmer fra mamma og pappa*

### Fristar:

**mandag kl 14.00**
til onsdagsavisa,
**torsdag kl. 14.00**
til lørdagsavisa.

*Helsingar bør ikkje overskrida 300 teikn. Vi ber om at bilda til "tett på" er av god kvalitet og nyare dato. Elektroniske bilde må vera jpg-format.*